

RETNINGSLINJER FOR STØTTEKONTAKTOPPDRAK (13.03.2014)

Tilsetjing:

Meland kommune inngår avtalar med støttekontaktar som oppdragstakarar og ikkje som ordinære arbeidstakarar. Administrasjonen kan såleis teikne oppdragsavtalar med den støttekontakten dei reknar for høveleg til det einskilde oppdrag utan å gå om dei vanlege tilsetjingsprosedyrane som gjeld for tilsetjing i ordinære kommunale stillingar.

Oppdragsavtale, teieplikt m.v.:

Det skal underteiknast oppdragsavtale med den einskilde. Avtalen skal fastslå start og sluttdato, timeomfang, målsetjing for oppdraget og godtgjering. Støttekontakten skal underteikne eige skjema om teieplikt før oppdraget tek til.

Oppdragsavtalen opphøyrer:

- a) ved sluttdato utan oppseiing frå nokon av partane eller
- b) avtalen opphøyrer umiddelbart når oppdraget er utført/grunnlaget for oppdraget fell bort
- c) avtalen opphøyrer umiddelbart ved avtalebrot eller
- d) avtalen vert fornya.

Vandelsattest:

For oppdrag knytt til barn under 18 år og menneske med utviklingshemming, skal det leverast vandelsattest av ny dato.

Avbrot i oppdraget:

Dersom du pga eksamen, reise, ferie eller andre grunnar er hindra frå å gjennomføre avtalte støttekontakttimar, skal dette meldast sakshandsamar i heimetenesta så tidleg som mogleg slik at alternative tiltak kan vurderast.

Rettleiing/rapport:

Kvar støttekontakt får oppnemnt rettleiar. Rettleiinga kan foregå individuelt eller i gruppe. Rettleiingstimane vert godtgjort i tillegg til avtala oppdragstimar og skal først særskilt på timelistene.

Støttekontakten skal levere skriftleg rapport om støttekontaktarbeidet til heimetenesta etter nærare avtale.

Godtgjersle:

Støttekontakten mottok godtgjersle etter innlevert timeliste. Godtgjersle pr time pr.10.03.14:

Oppdragstakarar over 18 år: 136,- (assistentløn)

Oppdragstakarar 16-18 år: 122,4

Oppdragstakarar under 16 år: 108,8

Det vert ikkje gjeve kvelds- og helgetillegg.

Støttekontakten kan ikkje påleggjast oppdrag på høgtidsdagar.

Godtgjering ved "bomtur":

Dersom brukar ikkje møter til avtale eller avlyser avtale same dag, kan støttekontakten føre inntil 2 timar for "bomtur" forutsatt at avtalen ikkje kan gjerast om/endrast til ein annan dag.

Timelister:

Timelister skal leverast for 1 kalender månad om gongen og skal leverast Meland kommune sin resepsjon innan den 20. kvar månad. Utbetaling vert då den 12. månaden etter. Timelister skal vera attestert av brukar der brukar er over 18 år. Er brukar under 18 år skal timelister atterast av føresette.

Utgiftsdekning:

Støttekontakten sine utgifter (kino, kafé, mat, aktivitetar m.v.) i samband med oppdraget vert dekkja med kr 200 per mnd for dei som har min 15 timar per mnd og med kr 150 per mnd for dei under 15 timar per mnd.

Reiseutgifter/Km-godtgjersle:

Reiser til og frå oppdrag vert ikkje dekkja.

Offentlege transportmiddel skal nyttast så langt råd er. Dersom det er avtala bruk av eigen bil i støttekontaktoppdraget skal det framgå i oppdragsavtalen. Hovudregel for omfang av køyring med eigen bil er **100 km**. Per månad

Km-godtgjersle følger elles det kommunale reiseregulativet.

Km. skal først på timelistene, i rubrikk for passasjer skal først tal på passasjerar (brukar + evt. andre oppdragstakarar/støttekontaktar).

Reiseutgifter med offentlig transport, samt bompengar m.v. skal først i rubrikk for reiseutgifter og kvittering leggst ved.

Ferie:

Oppdragstakar er ikkje arbeidstakar og har ikkje rett til feriepengar, jft Ferielova § 2. Støttekontaktar har likevel rett på ferie etter Ferielova.

Sjukepengar m.m.:

Ved sjukdom vert det utbetalt sjukepengar frå Folketrygda. Dette skjer først etter 16 dagar med sjukefråvær. For øvrig vert reglane i Folketrygdlova sine retningslinjer om eigenmelding/sjukemelding lagt til grunn for avtalen. Nærare opplysningar kan ein få ved å vend seg til NAV lokalt.

Omsorgspermisjon/fødselspengar:

Oppdragstakar må ha vore i inntektsgjevande arbeid minst 6 av dei 10 siste månadene før nedkomst for å ha rett til fødselspengar. Be om nærare opplysningar på NAV.

Forsikring/pensjon:

Under utføring av oppdrag som støttekontakt er støttekontakten omfatta av kommunen si yrkesskadeforsikring.

Kommunen er forplikta etter skattelovgjevinga å trekkje skatt på vanleg måte. Støttekontakten vil såleis verte tilmeldt folketrygda på vanleg måte i høve til pensjonsopptening. Kontakt trygdekontoret for nærare informasjon.

Oppseiing/Prøvetid:

Oppdragsavtalen kan seiast opp av begge partar før avtaletida går ut.

Oppdragstakar og oppdragsgjevar har ei gjensidig oppseiingstid på 1 månad. Oppseiinga skal vera skriftleg, og gjeld frå den 1. i påfølgjande månad etter at skriftleg oppseiing er levert.

Dei første 3 månadane vert rekna som prøvetid. I denne perioden kan avtalen seiast opp med 14. dagars varsel.